



Kartverket

RADØY KOMMUNE
RADØYVEGEN 1690
5936 MANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.: karheg
Sak/dok.: 8306176/

Dato:
02.10.2014

Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 45 bnr. 429 i 1260 Radøy kommune

Vi har vurdert seksjoneringa de har sendt inn for tinglysing. Dokumentet har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

1. Samtykkje frå heimelshaver er ei fargekopi. Vi krev originalt samtykkje frå heimelshavar og de, Radøy kommune. Vi vis til tinglysningsloven § 6.
2. Det er registrert ein uråderett på eigedomen. For å få tinglyst dokumentet må de leggje fram eit skriftleg samtykke til tinglysing frå Weboppgjør AS, jf. tinglysningslova §13 samanhalde med §14, 3. ledd

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta manglane vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysningslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 88 07.

Med helsing
Statens kartverk Tinglysing

Hege Aas Karlsen
saksbehandlar



■ www.kartverket.no

Statens kartverk Tinglysing, Tinglysing – fast eigedom
Besøksadresse: Kartverksveien 21 Hønefoss, Postadresse: 3507 Hønefoss
Telefon: 08700 Telefax: 32 11 88 01
E-post: tinglysing@kartverket.no Organisasjonsnummer: 971 040 238